



Møtebok
Fjordvegen Rute 13
Styremøte 07.05.2018
Stad: Blix Hotell, Vik
Klokka 16:00 – 18:00

Møtte: Gerd Helen Bø, Sigbjørn Hauge, Morten Midlang, Irene Heng Lauvsnes, Arnstein Menes, Marthe Hammer, Edmund H. Utne

Forfall: Roald Aga Haug, Arne Bergsvåg

Sekretariatet: Jostein Eitrheim, Hanne Sundbø og Trude Rinaldo.

Agenda
07.05.18: Kl. 16.00 – 18.00 Sakshandsaming

Det var ingen merknader til innkalling eller sakliste. Møtet er lovleg sett.

Saker til handsaming: Alle saker er samrøystes om ikkje anna er nemnt.

Sak 07/18 Meldingar
Det var ingen meldingar framlagde.

Sak 08/18 Årsmøtet – Praktisk gjennomgang
Styret vart orienterte om plan for gjennomføring av årsmøtet. Alle saker vart gjennomgått og det vart avklara i kor stor grad årsmelding og revisjonsmelding skal lesast opp i årsmøtet.

Til saka om fastsetjing av kontingent 2019 hadde styret ei drøfting om korleis ein i større grad kan verva medlemmer frå næringslivet. Små verksemder bør få ein lågare kontingent enn kr 5.000,-.

Det er mange som er opptekne av Rv13 og gjerne vil bidra til fokus og merksemd gjennom Fjordvegen Rute 13, men har så langt vald å ikkje verta medlem pga den høge kontingenten som gjeld for t.d. enkeltpersonføretak og verksemder med inntil 5 tilsette.

Derfor vart det føreslege eit nytt kontingentforslag frå styret. Dette vert lagt fram av styremedlem Irene Heng Lauvsnes i årsmøtet.

Forslaget ser slik ut:

Forslag kontingent 2019 for Fjordvegen Rute 13

Medlemskategori 1: Kommunar	kr 35.000
Medlemskategori 2: Næringssselskap/Interesseselskap over 50 medlemmer	kr 5.000
Medlemskategori 3: Næringssselskap/Interesseselskap inntil 50 medlemmer	kr 2.500
Medlemskategori 4: Bedrifter/Andre med over 100 tilsette	kr 5.000
Medlemskategori 5: Bedrifter/Andre med under 100 tilsette	kr 2.500
Medlemskategori 6: Bedrifter/Andre med inntil 5 tilsette	kr 1.000
Medlemskategori 7: Fylkeskommunar	kr 85.000

Sak 09/18 Årskonferansen – Orientering/siste førebuing

Hanne Sundbø orienterte styret om førebuingane til årskonferansen og endringar i høve utsendt program. Svein Ystanes frå Kolumbus har meldt sjukdomsforfall og dette innlegget går dermed ut.

Sak 10/18 Tiltaksplanar:

- **Plan for profilering og samarbeid 2018**
- **Plan for påverknadsarbeid 2018**

Drøfting

Styret drøfta nye punkt i tiltaksplanane og det vart sett særskilt fokus på at dette arbeidet er ei fellesoppgåve mellom styret og administrasjonen.

I høve til rekruttering av nye medlemmer får næringslivet vil administrasjonen laga ein oversikt over potensielle nye medlemmer langs Rv13. Dette vert gjort for å gjera det enklare for styremedlemmene og ta kontakt med verksemder i «sine» område for førespurnad om medlemskap i Fjordvegen Rute 13.

**Sak 11/18 Fast Post:
Gjennomgang av status for Rv13**

Denne sak vart utsett til neste møte.

Jostein Eitrheim
Referent